



Innovasjon Norge Vestland

## **Utkast - Oppdragsbrev 2019 - Føringer for Innovasjon Norge Vestland sin verkemiddelbruk i Sogn og Fjordane**

### **1. Tilsegn om regionale utviklingsmidlar**

Fylkestinget løyvde i budsjett 2019 (økonomiplan 2019-2022) 27,6 mill. kr. i rammeløyving til Innovasjon Norge for 2019. Midlane skal gå til bedriftsretta tiltak. Midlane kan ikkje nyttast til dekking av administrasjonskostnader utan etter særskilt avtale med fylkeskommunen.

Bruken av midlar som ikkje vert nytta i budsjettåret, skal drøftast med fylkeskommunen.

Hovudutval for næring og kultur handsama i sak \_\_\_/19 føringer for Innovasjon Norge sin verkemiddelbruk for 2019.

### **2. Overordna føringer for verkemiddelbruk 2019**

#### **2.1 Bedriftsretta verkemiddel**

Fylkeskommunen nyttar Innovasjon Norge (IN) som operatør for den bedriftsretta satsinga. Midlane vert nytta som tilskot til bedrifter, påfyll av tapsfond i samband med utlån og til etablerarordningar. Fylkeskommunen ønskjer at Innovasjon Norge i det bedriftsretta arbeidet tek ei aktiv rolle innafor satsingsområda i verdiskapingsplanen, og skildrar denne aktiviteten i si årlege rapportering. IN skal vidare ta ei aktiv rolle når det gjeld innovasjon og bruk av ny teknologi, her under arbeid med digitalisering og robotisering. Eit skifte til grøn økonomi skal synleggjerast i IN sitt arbeid, og vi ber om at initiativ som bygger opp under dette vert prioritert.

#### **2.2 Samfunnsansvar**

Fylkeskommunen ber Innovasjon Norge om å bidra til at potensiale for å auke konkurranseevna gjennom fokus på samfunnsansvar vert utnytta, og at miljøprofil og vektlegging av klimatiltak vert sikra ved tildeling av støtte til næringslivet.

#### **2.3 Hovudsatsingar**

Hovudsatsingane innan næringsutvikling i 2019 er dei same som i regional plan for verdiskaping (verdiskapingsplanen):

Næringsnøytrale satsingar

- Nyskaping og kunnskap

Bransjeorienterte satsingar

- Sjømatnæringane (havbruk og fiskeri)
- Fornybar energi
- Olje og gass
- Reiseliv
- Landbruk

I tillegg er det vedteke ein industristrategi.



Fylkeskommunen ynskjer å stø initiativ knytt til det grønne skiftet. Innovasjon Norge skal vere med å løyse ut prosjekt med slikt innhald.

Det vert føresett at Innovasjon Norge Vestland set av tilstrekkeleg ressursar til å følgje opp sin del av arbeidet med dei regionale satsingane og prioriterte næringar.

### **3. Mål for Innovasjon Norge Vestland sin aktivitet i Sogn og Fjordane**

#### **3.1 Delmål 1: Fleire gode gründerar**

Sogn og Fjordane treng fleire nyskapande og framtidsretta arbeidsplassar. Fylkeskommunen ber Innovasjon Norge prioritere verksemdar som bidreg til at dette skjer. Det vert føresett at Innovasjon Norge held fram samarbeidet med fylkeskommunen om etableraropplæring og styrking av kompetansen i det kommunale tiltaksapparatet.

#### **3.2 Delmål 2: Fleire vekstkraftige bedrifter**

##### *3.2.1 Kunnskapsintensiv verksemd*

Talet på arbeidsplassar i kunnskapsintensive næringar skal aukast. Skal fylket lukkast med dette, må det fokuserast sterkare på vekstsentrum og nettverkssamarbeid. Innovasjon Norge må til liks med fylkeskommunen sette innsats og midlar inn der dette vil gje størst effekt, og der resultatet vil ha betydning for eit større bu- og arbeidsområde. I verdiskapingsplanen har Innovasjon Norge ansvar for gjennomføring av arbeidet med kunnskapsintensive forretningsmessige tenesteytande næringar.

##### *3.2.2 Auka bruk av FOU i næringslivet*

Det må sikrast ei tett samhandling mellom virkemiddelapparatet, forskingsmiljøa og næringslivet. Fylkeskommunen ber Innovasjon Norge ta ei aktiv rolle for å setje FOU på dagsorden i fleire bedrifter og medverke til innovasjon og marknadsorientering. Innovasjon Norge må ha fokus på kunnskapsintensiv og kreativ verksemd uavhengig av bransje. Det er eit langsiktig mål å få til fleire innslag av samarbeid mellom academia og lokalt næringsliv.

#### **3.3 Delmål 3: Fleire innovative næringsmiljø**

Innovasjon Norge bør stimulere til meir nettverkssamarbeid og fleire nettverksprosjekt i næringslivet. I 2019 ber vi om at Innovasjon Norge er særleg oppmerksame på dei kunnskapsbaserte nettverksinitiativa som finst i fylket, og bidrar med finansiering av både deltakarar og nettverka der det lar seg gjere. Det er ekstra viktig med slik finansiering i tiltak som er i startfasen og som enda ikkje er i posisjon til å bli finansiert av deltakarane. Erfaringane frå slik organisert samhandling er at dei har positive effektar på utvikling og vekst blant deltakande bedrifter. Fylkeskommunen ber om å bli oppdatert om oppstart og avslutning av slike nettverksprosjekt i dialogmøta.

### **4. Koordineringsbehov**

I utviklingsarbeidet må vi finne ein god balanse mellom den tilretteleggande aktiviteten som fylkeskommunen tek seg av, og dei bedriftsretta tiltaka gjennom Innovasjon Norge. Fylkeskommunen vil peike på at det er Innovasjon Norge som har fagkunnskapen om bedriftsretta satsing, oppdragsbrevet er difor ikkje altfor detaljert, og skal ikkje automatisk overstyre faglege vurderingar. Gråsonesaker skal drøftast i løpande dialog eller i styringsdialogmøte. Det er utarbeidd eit notat med klargjering av rolledeinga mellom IN sine bedriftsretta tiltak og fylkeskommunen sine tilretteleggande tiltak, prinsipp for arbeidsdeling og rolledeing i finansieringssaker mellom Innovasjon Norge og kommunane, og andre presiseringar i høve samarbeidet knytt til kommunalt næringsutviklingsarbeid. Notatet ligg ved.

Eigarrolla som fylkeskommunen har andsynes Innovasjon Norge vert ikkje omtala her. Denne rolla vert følgt opp i styringsdialogmøta, og i eige notat eller sak til hovudutvalet.

Det er også viktig å koordinere innsatsen gjennom Innovasjon Norge med midlar forvalta av andre aktørar. Dette må avklarast nærare i styringsdialogmøta.

### **5. Særlege regionale tilpassingar**

#### **5.1 Verdiskapingsplanen**

Verdiskapingsplanen vart vedteken i juni 2014, og legg føringar for arbeidet fram til og med 2025. Planen vart rullert i juni 2018, og vi legg til grunn at Innovasjon Norge følgjer opp den rullerte planen. Hovudsatsingane innanfor næringsutvikling i 2019 samsvarar med satsingane i planprogrammet. Både fylkeskommunen og Innovasjon Norge må sikre nok handlingsrom til å følgje opp planen.

## 5.2 Reiseliv

Det vert føresett at Innovasjon Norge følgjer opp satsingane innan reiseliv i verdiskapingsplanen, og tek del i det samordnande partnerskapsarbeidet. Innovasjon Norge har ansvaret for aktørretta innsats. Det vert synt til partnerskapsavtalen om oppfølging av reiselivsplanen og årlege handlingsplanar knytt til planen. Der har Innovasjon Norge ei rolle i arbeidet med å medverke til utviklinga av berekraftige destinasjonar. Vi ber også om at Innovasjon Norge følgjer opp aktuelle tiltak i gjeldande strategiar knytt til reiseliv i verdiskapingsplanen. Berekraftig utvikling skal vere grunnleggande for utvikling av reiselivet i Sogn og Fjordane.

Fylkeskommunen syner til at «vandring» er overordna tema for arbeidet, og at tiltak som gjer naturen tilgjengeleg vil vere viktige. Mange slike tiltak vil ha preg av infrastruktur, sjølv om dei vert sette opp i regi av private verksemder. Vi ber om at det vert arbeidd med finansieringsordningar for anleggsinvesteringar knytt til denne satsinga.

Fylkeskommunen ber om at Innovasjon Norge vurderer å støtte forstudiar i førebuinga av større installasjonar som til dømes gondolbaner og besøksanlegg. Fylkeskommunen understrekar at ein må ha god dialog rundt prosjekt som kan ligge i grenseland mellom kommersielle prosjekt og infrastrukturtiltak.

Det vert lagt til grunn at Innovasjon Norge er aktiv i gjennomføring av handlingsplanen for cruise, og tek aktivt del i oppfølginga av arbeidet med scenaristudie for Vestlandet.

## 5.3 Energi

Fylkeskommunen og Innovasjon Norge ynskjer saman å satse på energi som tema for utviklingsarbeid, då særleg med tanke på industrialisering (skape nye arbeidsplassar). Arbeidet er avhengig av at dei viktigaste næringsaktørane ynskjer å delta.

## 5.4 Sjømatnæringane (Havbruk og fiskeri)

Dei bedriftsretta tiltaka innan sjømat skal verke saman med dei tilretteleggande tiltaka fylkeskommunen arbeider med i 2019.

Fylkeskommunen vil peike på avtalen mellom fylkeskommunen og Innovasjon Norge om «Innovasjon og nyskaping i sjømatnæringane» som er ein del av verdiskapingsplanen. Vi ber Innovasjon Norge om å sette seg inn i måleindikatorar (2,3,5 og 6) under delmål 3 i kapittelet om Sjømatnæringane i den rullerte [verdiskapingsplanen](#) (side 18). Vi ynskjer at måloppnåinga skal inngå i den årlege rapporten frå Innovasjon Norge.

## 5.5 Kommuneretta næringsutvikling

Fylkeskommunen ber om at Innovasjon Norge framleis engasjerer seg i arbeidet med å styrke dugleiken til kommunar og næringssselskap innan næringsutvikling. Dette skjer gjennom kurs og kompetansehevande tiltak for næringsmedarbeidarar, samlingar for å samordne næringsinnsatsen, og gjennom rådgjeving overfor kommunane i samband med søknader om midlar frå dei kommunale næringsfonda. Fylkeskommunen ber også om at IN tek del i arbeidet med nettstaden Driftig.no og etableraropplæring.

## 5.6 Kultur næringer

Innovasjon Norge satsar på «kultur og kreativ næring». Vi ber om at Innovasjon Norge Sogn og Fjordane medverkar til å etablere bedriftsnettverk for å styrke enkeltbedrifter som vil satse i Sogn og Fjordane.

## 5.7 Geografisk nivå

Innovasjon Norge skal prioritere innsatsen sin mot levedyktige næringsklynger og større bu- og arbeidsmarknadsområde, men samstundes ta tak i dei verkeleg gode initiativa uavhengig av geografi. Ei samling av hovudinnsatsen i tyngre satsingsområde vil gje meir kraft i dei områda som ein prioriterer høgast.

## 5.8 Brukargrupper – prioriterte målgrupper

Innovasjon Norge har i sin handlingsplan eit særskilt fokus på ungdom og kvinner. Det er viktig at denne satsinga vert vidareført og forsterka også gjennom stimulering av bedriftsetableringar som aukar fylket sin attraktivitet blant ungdom. Kvinner si deltaking i næringslivet på eigarsida, i styrerom og leiing er svært viktig for utviklinga av fylket vårt. Det er difor satt som mål at 40% av verkemidla som Innovasjon Norge er operatør for, skal gå til kvinner. Det er og viktig å ha fokus på innvandrarak som ein ressurs både som næringsaktørar og tilsette.

## **6. Krav til dokumentasjon av resultat – rapportering og dialog**

Fylkesdirektøren ynskjer ein tett dialog gjennom året med Innovasjon Norge om gjennomføring av satsingane i oppdragsbrevet. Dette går både på administrative oppfølgingsmøter og orienteringar i hovudutvalet. I samarbeid med Innovasjon Norge er det utarbeidd ei "sjekklister" for tema som skal gjennomgåast i styringsdialogmøta og i årsrapporteringa. Det vert lagt opp til tre administrative styringsdialogmøte (mars/april, september og desember). Fylkeskommunen krev rapportering i tråd med oppdragsbrevet. Fylkeskommunen skal aktivt trekkast med i drøftinga av Innovasjon Norge Vestland sin handlingsplan.

For å ivareta den regionale dialogen er det ønskjeleg med politisk involvering gjennom hovudutval for næring og kultur. Dette let seg beste løyse ved at IN og verkemiddelpolitikken vert tema på eit hovudutvalsmøte ein gong for året. Vidare er det ønskjeleg at direktøren for Regionar og finansiering i IN møter på eitt av styringsdialogmøta i løpet av året.

Med helsing

Jan Heggheim  
fylkesdirektør

Adrian Husabø Bjørseth  
rådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*

### Vedlegg:

Saksprotokoll sak /19 Hovudutval og næring og kultur  
Retningsliner for arbeidsdeling i finansieringssaker

### Mottakar (ar)

Innovasjon Norge Vestland

### Kopi til:

Tilsette næringsavdelinga